

# **Forskrift om skuleregler i Bremanger kommune**

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret i Bremanger kommune (dato) med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §§ 10-7 og 13-1 første ledd.

## **Kapittel 1. Føremål og verkeområde**

### **§ 1. Føremål**

Skulereglane skal føre til at skulane er prega av eit trygt og godt arbeids- og læringsmiljø som fremjar toleranse, samarbeid, inkludering, respekt, trivsel, fagleg konsentrasjon, læring, ro og orden.

### **§ 2. Verkeområde**

Skulereglane omfattar alle kommunale grunnskular.

Skulereglane gjeld også for vaksenopplæring så langt det passar.

Skulereglane gjeld når skulen har ansvar for elevane. Det gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal, også når elevane har undervisning utanfor skulen sitt område som kan vere:

- a) leirskule
- b) skuleturar og ekskursjonar
- c) skulevegen, omfattar også på skulebussen
- d) skulearrangement utanfor skuletid

Skulereglane kan også bli gjort gjeldande på tidspunkt når skulen ikkje har ansvaret for elevane, dersom oppførselen til elevane har tilstrekkeleg tilknyting til skulen.

Forskrifta gjeld i tillegg for SFO og leksehjelp. SFO har eiga forskrift som inneheld meir detaljerte reglar for dette.

Skulereglane skal årleg gjerast kjende for elevar og føresette.

### **§ 3. Lokale skuleregler på kvar skule**

Kvar skule skal utarbeide eigne skuleregler for trivsel, orden og åtferd.

Skulereglane skal ta utgangspunkt i lokale tilhøve og sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ta i vare eit godt læringsmiljø og elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Driftssjef fastset lokale trivselsreglar etter at skulemiljøutvalet ved skulen har handsama reglane og kome med innspel.

Driftssjef skal syte for at dei lokale trivselsreglane ikkje er i strid med den kommunale forskriftera.

## **Kapittel 2. Medverknad**

### **§ 4. Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyrt**

I alle saker som blir handsama etter denne forskrifta eller lokale skuleregler skal omsynet til eleven sitt beste vere eit grunnleggande omsyn.

Skulen skal ta i vare eleven sin rett til å bli høyrt.

### **§ 5. Skuledemokrati**

Skulen skal sørge for at elevane og foreldre/føresette får vere med å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda i skulen, mellom anna i arbeidet med, jf. opplæringslova § 10-4:

- a) skulemiljø
- b) kvalitetsutvikling i opplæringa
- c) fastsetting av skuleregler

Skulen skal legge til rette for at alle elevar kan ytre seg.

### **§ 6. Organisering av skuledemokratiet**

Kvar skule skal ha eit elevråd som er valt av elevane.

Kvar skule skal ha eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skulen er medlemmar.

Kvar skule skal ha eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevar, foreldrerådet, tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representerte. Utvalet skal vere sett saman slik at elevar og foreldre til saman har fleirtal.

Elevrepresentantar skal ikkje delta når saker som er omfatta av teieplikt blir handsama i skulemiljøutvalet. Når elevane ikkje deltek i saker skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarende bortfallen av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar auka tilsvarande.

## **Kapittel 3. Rettar og plikter**

### **§ 7. Rettar**

Som elev har du rett til:

- a) at alle møter deg på ein ordentleg måte
- b) at andre viser deg respekt og lar dine eigendelar vere i fred
- c) at du får eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- d) at du skal vere fri for fysisk, psykisk, verbal og digital krenking og trakassering
- e) at tilsette grip inn og reagerer på brot på god framferd eller farlege hendingar

### **§ 8. Plikter**

Som elev har du plikt til å:

- a) møte andre på ein god måte, med respekt, ansvar og omsorg
- b) vise respekt og la andre og skulen sine eigendalar vere i fred
- c) arbeide for eit godt lærings- og skolemiljø
- d) ikkje krenke eller trakassere nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt

## Kapittel 4. Orden og åtferd

### § 9. Vurdering av eleven sin orden og åtferd

Skulen skal vurdere orden og åtferd ut frå reglane i denne forskrifa og skulen sine lokale trivselsreglar. Eleven sin orden og åtferd kan ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakteren i orden og åtferd vil som eit hovudprinsipp bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar dersom det er snakk om særleg grove brot på reglane.

### § 10. Reglar for god orden

For å vise god orden skal du:

- a) møte presis til timer og avtalar
- b) møte førebudd til opplæring
- c) ha med naudsynt utstyr du har fått tildelt og ta vare på det
- a) halde fristar og gjere arbeid til rett tid og levere grunngjeven melding frå føresette dersom arbeid ikkje er utført
- d) følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- e) halde god orden

### § 11. Reglar for god åtferd

For å vise god åtferd skal du:

- b) vise omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn og seksuell orientering m.m.
- c) møte medelevar og tilsette med respekt og gjere ditt for å halde arbeidsro i timane
- d) samarbeide med andre på ein god måte, i samsvar med rettleiing frå lærar
- e) ikkje bruke private mobiltelefonar og smartklokker i undervisningstimane, i prøvesituasjonar og/eller i friminutta, med mindre noko anna er avtalt
- f) rette deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette, vise nettvert og følgje skulen sine reglar for bruk av datautstyr og anna digitalt utstyr
- g) følgje skulen sine reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr

Åtferd som ikkje skal akseptera:

- a) Krenking og trakassering
- b) True med eller utøve fysisk vold
- c) Fusk og plagiat eller forsøk på dette
- d) Ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel

- e) Bruk av tobakk, snus eller vape på skulen sitt område, eller når skulen har tilsynsansvar
- f) Ha med eller bruke farlege gjenstandar utan løyve frå skulen
- g) Bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet

#### *§ 12. Reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd*

Bremanger kommune vil nytte følgande reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd:

- a) Munnleg rettleiing frå lærar
- b) Merknad
- c) Munnleg rettleiing frå driftssjef/skuleleiar
- d) Nedsett karakter i orden og/eller åtferd
- e) Skriftleg melding til elev, foreldre/føresette
- f) Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skader eller tilhøve eleven har ansvar for
- g) Bortvising frå undervisning i enkelttimar eller enkeltarrangement, inntil to klokketimar
- h) Bortvising resten av dagen
- i) Bortvising i inntil tre dagar (8.-10. klasse)
- j) Mellombels eller permanent bytte av skule

Fysisk refsing eller kollektiv straff er ikkje tillate.

Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje overheld dette, kan det føre til nye tiltak.

#### *§ 13. Bortvising*

Bortvising er heimla i opplæringslova § 13-1.

Det skal vurderast om det kan gjerast mindre inngripande tiltak før eleven blir vist bort.

Lengda elevane i grunnskulen kan bortvisast er:

- a) 1.-7. klasse kan visast bort i enkelttimar eller resten av dagen
- b) 8.-10. klasse kan visast bort i inntil tre dagar

Foreldre/føresette skal ha melding før ein elev i 1.-7. klasse blir vist bort resten av dagen.

#### *§ 14. Inndraging av gjenstandar*

Ulovlege gjenstandar skal bli inndratt og levert til politiet.

Gjenstandar som til dømes mobiltelefon som blir brukt i strid med skulereglane kan bli mellombels inndratt. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter denne forskrifta, eller lokale skulereglar ikkje er akseptert.

Dersom skulen inndrar tobakk/snus eller alkohol frå umyndige elevar, bør desse gjenstandane bli levert til foreldre/føresette.

#### *§ 15. Politimelding om straffbare forhold*

Skulen vil normalt melde straffbare forhold til politiet. For mindre alvorlege forhold skal skulen gjere ei konkret vurdering av om meldinga er hensiktsmessig.

Skulen bør vurdere meklingsprosess i regi av konfliktrådet.

#### *§16. Erstatningsansvar*

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan elev og/eller foreldre/føresette bli halde erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriale, jf. Skadeserstatningsloven §§ 1-1 og 1-2.

#### *§ 17. Sakshandsaming ved bruk av reaksjonar*

Ved bruk av reaksjonar gjeld følgande sakshandsamingsreglar:

- a) Skulen skal sørge for at avgjerala skal bli tatt på eit forsvarleg grunnlag.
- b) Eleven har rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerala. Skulen skal sørge for at eleven får snakke med nokon eleven stolar på og i ein situasjon som vert opplevd trygg.
- c) Skulen skal grunngi reaksjonen. Dersom avgjerala har særleg betydning skal grunngivinga vere skriftleg.
- d) Før avgjerala om bortvising blir fatta skal skulen vurdere bruk av andre reaksjonar eller hjelpetiltak.
- e) Driftssjef avgjer om reaksjonane i § 12 f, h og i skal nyttast. Driftssjef eller den driftssjefen delegerer det til, avgjer om reaksjonane i §12 a-e og g skal nyttast. Kommunalsjef for oppvekst avgjer om reaksjonane etter §12 j skal nyttast.
- f) I alvorlege saker skal mindreårige sine foreldre/føresette varslast så langt det er mogeleg. Før foreldre/føresette blir varsla skal eleven bli høyrt i trygge omgjevnader.

Reaksjonane i §12 h-j i denne forskrifta er enkeltvedtak og skal handsamast i tråd med sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### *§ 18. Iverksetting og opphøyr*

Forskrifta trer i kraft 17. desember 2024. Samtidig opphøyrer «Ordens- og trivselsreglar for oppvekstsektoren i Bremanger kommune» som blei vedteke i kommunestyret 13.02.2020.